

Statsspråk

Bladet for godt språk i staten



Fyrsteamanuensis Jon Christian Fløysvik Nordrum ved Universitetet i Oslo. Foto: Erik Norrud.

Klarspråksjuristar for framtida

Korleis skal ein regulere bruken av elsparkesyklar? Kva føresegner bør vera med i ei klimalov for kommunane? Dette er to av problemstillingane det fyrste kullet med jusstudentar som har prøvd seg som lovskrivarar ved Universitetet i Oslo, har grubla over.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

Hausten 2019 fekk jusstudentar i Oslo tilbod om ei ny undervisningsform. I staden for berre å lære å tolke regelverk, slik ein gjer i tradisjonell lovgjevingslære, måtte studentane greie ut lover sjølve. Arbeidsforma blir kalla lovlab, og resultatane er – inspirert av Noregs offentlege utgreiingar (NOU) – JOU-ar, altså offentlege utgreiingar gjort av jusstudentar.

Fyrsteamanuensis Jon Christian Fløysvik Nordrum underviser i lovgjevingslære og meiner at jussutdanninga treng ein reformasjon.

– Vi ynskjer å utdanne juristar som skriv betre tekstar. Tidlegare har studentane skrive teoretiske tekstar og blitt testa i kunnskap. Nå får dei meir trening i å skrive juridiske tekstar som dommar, lover eller vedtak. Utdanninga blir meir verkelegheitsnær, og studentane blir meir aktiviserte. JOU-ane er simuleringar, men samtidig er dei ekte rapportar for verkelege oppdragsgjevarar, som kan bruke dei.



Klarspråk som verktøy for åpenhet i forvaltningen

Norske myndigheter arbeider for mer åpenhet i forvaltningen og deltar i samarbeidet Open Government Partnership (OGP), som har 78 medlemsland over hele verden. Kommunal- og moderniseringsdepartementet samordner Norges deltakelse. Hvert medlemsland har en toårig handlingsplan med konkrete forpliktelser. Noen land har besluttet å arbeide med klarspråk som et middel til å skape en åpen forvaltning. Finland er ett av dem og skal blant annet lage en tiltakspakke for å bedre forvaltningens kunnskap både om klarspråk og lettlest tekst. Norge arbeider nå etter sin fjerde handlingsplan. Denne planen nevner ikke klarspråk, men i den første og andre forpliktet regjeringen seg til å iverksette klarspråkstiltak for å skape mer åpenhet i forvaltningen.

Les mer på open.regjeringa.no.

Ei språkleg bevisstgjerung

Kaja Nordby er ein av studentane som skreiv ein JOU hausten 2019. Gruppa hennar fekk eit mandat frå Oslo kommune til å greie ut ei klimalov for kommunane. Ho seier at det har vore gøy å delta i lovlaben, som har vore nokså annleis enn anna undervisning.

– I løpet av studiet høyrer vi mykje om at språk og formuleringar skal vera enkle og forståelege. Men det er noko heilt anna å skrive formuleringane sjølv enn å tolke tekst som allereie finst. I utvalet som skulle skrive JOU-en, var det ikkje berre jusstudentar, og da vart vi konfronterte med vår eigen sjargong. Det var sunt for oss.

Nordby meiner det er viktig at klarspråk blir ein del av jusstudiet, og ho vil gjerne ha meir undervisning som er lagt opp slik som lovlaben.

–Juss handlar mykje om kommunikasjon og overtvingsevne. Da er det nødvendig å arbeide med språket. Eg synest det har skjedd ei endring berre dei siste åra, det verkar som om det er meir merksemd rundt språk blant lov-gjevarar òg.

Oppdragsgjevarane får eit nyttig produkt

Ein av dei andre JOU-ane sprang ut frå eit mandat frå Jussbuss og Juridisk rådgjeving for kvinner (JURK) til å gjennomgå utvalde punkt i rettshjelpsordninga. Dagleg leiar Jonathan Leifsson de Lange i Jussbuss set pris på at studentane har arbeidd med eit tema som er viktig for arbeidsplassen hans. Lovlaben er ei fruktbar undervisningsform, meiner de Lange, som sjølv er jusstudent.

– Ein må tenkje kritisk og setja seg inn i eit felt ein ikkje nødvendigvis kjenner frå før. Dessutan kjem det eit konkret produkt som kan brukast seinare, ut av arbeidet. Solberg-regjeringa

har sett ned eit rettshjelpsutval som kjem med ei utgreiing i mai, og da kjem vi til å samanlikne utgreiinga frå utvalet med rapporten frå studentane.

Klarspråkssamarbeid med Bergen

I tillegg til å undervise i lovgjevingslære leiar Nordrum klarspråkssprosjektet ved Det juridiske fakultetet. I 2016 inngjekk Universitetet i Oslo og Kommunal- og moderniseringsdepartementet ei avtale om å innføre klart juridisk språk i undervisninga. Satsinga på klarspråk har nyleg resultert i ei samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen. Ifølgje avtala skal det lysast ut ei postdoktorstilling i Bergen for å forske på juridiske sjangrar og tekstkvalitet.

– Juss har ikkje ein etablert fagdiktikk, men vi prøver å leggje grunnlaget for ein ny pedagogisk praksis. Da handlar det mykje om sjangerlære. Skal du skrive ein god tekst, må du veta kven som skal lesa teksten din, seier Nordrum.

Nyslått senter for framifrå utdanning

Det skjer mykje ved Det juridiske fakultetet i Oslo for tida. I desember 2019 fekk eit senter ved fakultetet, som utviklar erfaringsbaserte læringsformer, status som Senter for framifrå utdanning.

– Senteret er med på å fremja innovasjon i utdanninga, og lovlaben er eit godt eksempel på det. Studentane lærer gjennom å delta i staden for berre å observere. Det er noko heilt anna å ta imot eit verkeleg mandat enn å lesa om korleis ein skal arbeide ut frå eit mandat, seier Nordrum.

Lovlaben er òg ein del av prosjektet Den digitale jurist, som skal ruste studentane for arbeidslivet i framtida. Nordrum meiner at det blir utdanna ein heilt ny generasjon juristar nå.

– Dei som studerer nå, er meir

Dei fire JOU-ane:

- Digital velferdsrett i samarbeid med Nav
- Klimalov for kommunane i samarbeid med WWF Verdas naturfond
- Regulering av elsparkesyklar i samarbeid med Oslo kommune
- Rettshjelpslovgjevinga i samarbeid med JURK og Jussbuss



Digitaliseringa fører til ei desentralisering og demokratisering av jussen.

JON CHRISTIAN FLØYSVIK NORDRUM

komfortable med teknologi, dei er digitalt innfødde. Våren 2019 gjekk vi over til heildigital eksamen.

– Kva er skilnaden på å slå opp i lov-samlinga på papir og på nett?

– Lova er berre éi av mange rettskelder. Når du slår opp i Lovdata på nett, finn du lokale forskrifter, forarbeid, rettspraksis, fråsegner og traktatar. Det er mykje meir effektivt å navigere i. Har du ein smarttelefon, kan du sitja kvar som helst, med tilgang til alle relevante norske rettskelder. Digitaliseringa fører til ei desentralisering og demokratisering av jussen. Og nå lærer vi studentane å ta fordelane med digitaliseringa i bruk. ●

Nye kommunar, nye målvedtak

Frå 1. januar 2020 er talet på kommunar i Noreg redusert frå 422 til 356. Etter mållova § 5 har kommunar rett til å velje i kva målform dei vil ha skriv frå staten. Vedtaket blir gjort i kommunestyret og kallast målvedtak. No er det gjort mange nye målvedtak, og ved årsskiftet såg fordelinga slik ut:

Tal på nynorsk-kommunar: **90** | Tal på bokmålskommunar: **117** | Tal på nøytrale kommunar: **149**

Også fylkeskommunar gjer målvedtak etter mållova § 5. Alle registrerte målvedtak finn du i forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar (målvedtaksforskrifta), som ligg på lovdata.no. Kommunar og fylkeskommunar som ikkje har fatta eller registrert vedtak, blir automatisk registrerte som nøytrale.

Punktliste i lover og forskrifter

I lovparagrafer brukes ofte punktliste med oppramsing av elementer, for eksempel vilkår. Da er det ekstra viktig at punktene er riktig utformet og presist formulert.

Riktig oppsett av punktliste

I lovtekster gjelder de samme reglene for punktliste som i andre tekster (se s. 4). Etter skrivereglene skal det ikke stå punktum til slutt i en punktliste, men i lovparagrafer settes det ofte inn et punktum for å markere slutten på leddet.

I lovtekster brukes vanligvis ikke strekpunkter og kulepunkter, for de er vanskelige å henvise til. Som oftest brukes små bokstaver og halvparentes: a) b) c)

Punktene skal bestå av logisk sideordnede elementer og ha samme grammatiske form, for eksempel

bare substantiv

bare verbfraser

bare leddsetninger

bare helsetninger

Punktliste uten kolon

Ordinær tjeneste er

- førstegangstjeneste
- repetisjonstjeneste
- årlig heimevernstjeneste
- offisers-, befals- og spesialistopplæring(.)

Med bot straffes den som forsettlig eller uaktsomt

- bryter opplysnings- eller meldeplikten
- lar være å møte til sesjon
- lar være å møte til tjeneste(.)

Sikkerhetsavtalen skal blant annet regulere

- hvilke krav i loven som gjelder for leverandøren
- hvilken sikkerhetsgrad anskaffelsen skal ha
- hva slags undersøkelser virksomheten kan gjennomføre hos leverandøren(.)

Punktene er en direkte fortsettelse av innledningssetningen. Da skal det ikke stå kolon etter innledningssetningen, og det skal være liten forbokstav i punktene.

Punktliste med kolon

Med narkotika menes følgende:

- stoffer, droger, planter, sopper og preparater [...]
- salter, derivater og mulige isomere, estere og eter av de oppførte stoffene [...]
- preparater med virkestoffer nevnt i bokstav a og b(.)

Punktene er ikke en direkte fortsettelse av innledningssetningen. Fordi punktene ikke er hele setninger, skal det være liten forbokstav i punktene.

En person er valgbar [...] hvis følgende vilkår er oppfylt:

- Han eller hun har stemmerett ved [...] valg.
- Han eller hun er innført i folkeregisteret [...] ved [...] valg.
- Han eller hun er ikke utelukket eller fritatt fra valg.

Punktene er ikke en direkte fortsettelse av innledningssetningen. Fordi punktene er hele setninger, skal de innledes med stor forbokstav og avsluttes med punktum.

Kumulative eller alternative punkter?

Det skal helst ikke stå *og* eller *eller* mellom punktene. Ofte går det fram av sammenhengen om punktene er kumulative (alle vilkår gjelder) eller alternative (ett eller flere vilkår gjelder), men det kan likevel være en god idé å presisere i den innledende teksten.

Her går det fram av sammenhengen at punktene er kumulative:

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter



- organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- tidsperioden som organet er opprettet for
- eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet(.)

Her er det presisert i den innledende teksten at punktene er alternative:

Møter i folkevalgte organer skal holdes hvis ett av følgende vilkår er oppfylt:

- Organet selv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- Organets leder mener det er nødvendig.
- Minst 1/3 av medlemmene krever det.

Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vikå
0118 Oslo



SPRÅKTIPS

Språkspørsmålet

Heter det virkelig «Ikke forkludr!», som jeg så i en presentasjon nylig?

Svar: Vi lager imperativ (bydeform) av verbet ved å sløyfe infinitivsendelsen, som på bokmål er -e-: *høre* → *hør!* I noen tilfeller vil verbet da ende på en konsonantgruppe som vi sjelden eller aldri møter i slutten av et ord ellers, og vi får imperativformer som ser rare ut og kan være vanskelige å uttale: *behandl, endr, forandr, forkludr, klatr, pensl, rødm, sakt, smadr, smuldr, stempl, sykl, tråkl, vegr, åpn* osv.

I slike tilfeller kan vi på bokmål velge å la imperativen ende på -e, slik at den blir lik infinitiv: *Forkludr ikke opplegget* eller *Forkludre ikke opplegget*
Smuldr deigen godt eller *smuldre deigen godt*

La du merke til at ...

hovudartikkelen i dette nummeret vekslar mellom a-endingar og e-endingar i infinitiv? Grunnen er ikkje dårleg korrektur, men at journalisten nyttar kløyvd infinitiv. I nynorsk kan ein velja mellom tre infinitivsendingar:

- a-infinitiv (dansa, gjera)
- e-infinitiv (danse, gjere)
- kløyvd infinitiv (danse, gjera)

Det meste av Austlandet har hatt mykje kløyvd infinitiv. Det finst framleis restar i folkeleg oslomål i verb som «værra» og «gjørra».

Den historiske årsaka er at ulike verbgrupper i gamalnorsk har utvikla seg ulikt. Difor er det strenge reglar for kva verb som skal ha kva ending. Du kan lesa meir om kløyvd infinitiv på sprakradet.no.

Sitatet

Men Ugla prata i veg, og han brukte lengre og lengre ord – heilt til han til slutt var tilbake der han begynte.

OLE BRUMM (A.A. MILNE)

Krav om språkdata i Nasjonal strategi for kunstig intelligens

Regjeringen har nylig lagt fram en strategi for kunstig intelligens (KI) der det blir stilt krav om deling av språkdata.

– Språkdata er viktig, fordi kunstig intelligens ikke bare skal fungere på engelsk. KI skal også fungere på norsk og på samisk. Derfor er det å sikre at språkdata samles inn og legges i Språkbanken hos Nasjonalbiblioteket, et viktig tiltak i strategien, sa daværende digitaliseringsminister Nikolai Astrup på lanseringsseminaret.

Klarspråkstipset

Punktlistor

Punktlistor kan gjere innholdet i en tekst klarere og mer tilgjengelig. Punktlistor bør brukes bare hvis det gir bedre oversikt over innholdet.

Korrekt punktlisteoppsett:

- Det skal ikke stå semikolon foran punktene.
- Det skal ikke stå komma mellom punktene.
- Det skal ikke stå kolon foran punktene hvis teksten i punktene er en fortsettelse av innledningssetningen.
- Det skal helst ikke stå *og* eller *eller* mellom punktene.
- Punktene skal innledes med liten forbokstav hvis teksten ikke består av hele setninger.
- Punktene skal innledes med stor forbokstav og avsluttes med punktum hvis teksten består av hele setninger.
- Punktene skal bestå av logisk sideordnede elementer.

Du kan lese mer om punktlistor på sprakradet.no/punktlistor.

Språkråd om lovspråk

Språkrådet tilbyr kvalitetssikring av språk i viktige lover. På nettsidene våre kan du lese mer om dette tilbudet: sprakradet.no/lovsprak.

Språkeget

– lagt av rikspressa

Nye byggematerialer og produkter for energieffektive bygg har sett lyset etter at myndighetene (...) begynte å stille strenge krav om redusert energibruk fra nybygg.

Er det dét som er smarte hus?

Foto: flickr

